

## Velkommen som brukar av meirope bibliotek!

No kan du bruke biblioteket når det passar deg. Meirope bibliotek betyr tilgang til biblioteket utanom betent opningstid, altså når det ikkje er personale til stades. For å få tilgang til meirope bibliotek, må du skrive under ein kontrakt med Sande bibliotek. Du får tilgang til biblioteket på Sande 07.00-22.00 alle dagar.

Du kjem deg inn på biblioteket ved å bruke lånekortet ditt og ein pinkode. Du scannar lånekortet i underkant av kodebrettet, og tastar pinkoden din. Dette må du gjere ved to dører. Døra vil opne seg og du kan gå inn. Alle må låse seg inn med eige lånekort. Foreldre/føresette kan ha med seg egne barn under 15 år. Alle over 15 år må ha eige, oppgradert lånekort. Døra vert automatisk låst når du har gått inn. Når du skal forlate biblioteket, brukar du dørnappen for å opne døra. Du treng ikkje lånekort for å gå ut, men pass på at du har med deg kortet dersom du skal inn att.

Skular, barnehagar og andre institusjonar kan få lånekort med tilgang til meirope i institusjonen sitt namn. Kortinnehavar kan då nytte kortet til å låse andre inn på biblioteket i ubetent opningstid. Kortinnehavar er ansvarleg for desse personane medan dei er i lokala, og for å passe på at ingen av dei oppheld seg i lokala utan at kortinnehavar er til stades. Det er ingen aldersgrense for personar som vert låst inn med lånekort utstedt til institusjon.

Orienter deg om kvar nødutgangane på biblioteket er (sjå oppslag i biblioteket). Viss brannalarmen går, må du forlate biblioteket med ein gong.

Biblioteket og gangen utanfor er videoovervaka. Dette er av omsyn til tryggleiken din og for å førebygge hærverk på biblioteket. Hærverk vert meldt til politiet.

Det vil kome ei melding på høgtalaranlegget når biblioteket bytar mellom betent og ubetent opningstid, og litt før det meirope biblioteket stengjer. Ljoset vert sløkt automatisk når det meirope biblioteket stengjer, og innbrotsalarm vert skrudd på. Du må derfor passe på å vere ute av lokala til rett tid.

Du låner og leverer materiale ved å bruke utlånsautomaten. Rettleiinga på skjermen viser deg korleis du gjer dette. Purregebyr må betalast i betent opningstid.

Du kan hente materiale du har bestilt også i ubetent opningstid. Dette materialet er ordna etter hentenummer og står på merka tralle. Du må registrere lånet på automaten før du tek det med deg. Hentenummeret står i meldinga du har fått av biblioteket.

Når du brukar automaten, må du passe på at du registrerer alle låna dine. Det kjem ei grøn hake ved sida av tittelen på materialet når du har registrert strekkoden. Ved raudt kryss har du scanna feil strekkode og må prøve på nytt.

Av og til vil det vere arrangement på biblioteket i meirope tid. Arrangementa vert annonserte på biblioteket si facebookside.

Om du har spørsmål, problem med automaten eller noko anna, ta kontakt med personalet når dei er til stades. Du kan og kontakte biblioteket på epost: [bibliotek@sunnfjord.kommune.no](mailto:bibliotek@sunnfjord.kommune.no), på telefon: 577 18 560 eller på facebook: Sande bibliotek i Sunnfjord

## Kontrakt for meirope bibliotek

Velkomen som brukar av Biblioteka i Sunnfjord sitt meirope bibliotek. Denne kontrakten gir deg som er over 15 år tilgang til biblioteket på Sande frå kl. 07.00 om morgonen til kl. 22.00 om kvelden kvar dag heile året. For å nytte deg av det meirope tilbodet må du alltid registrere deg med lånekortet før du går inn i lokala.

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle. Ved å oppgradere lånekortet ditt til tilgjengekort for meirope forpliktar du deg til å overhalde følgjande reglar:

- Vis omsyn til andre
- Rydd etter deg
- Hald ro og orden
- Hugs å lukke vindauge etter deg
- Ta vare på biblioteket ditt
- Rett deg etter dei lånereglane som gjeld til ei kvar tid
- Kontrakten og lånekortet er personlege og det er berre du som kan bruke kortet ditt som tilgjengekort.

Brot på desse reglane kan føre til at du mistar retten til å bruke meirope bibliotek.

Foreldre/føresette kan ha med seg eigne barn under 15 år. For barna si sikkerheit kan dei ikkje etterlatast aleine på biblioteket i meirope tid. Alle over 15 år må ha eige, oppgradert lånekort.

Biblioteket og gangen utanfor toaletta er videoovervaka. Overvakinga er for at du skal føle deg trygg og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Hærverk vert meldt til politiet. Opphald i det meirope biblioteket skjer på eige ansvar.

Du har sjølv ansvar for å setje deg inn i kvar nødutgangane er i tilfelle evakuering av lokala (sjå oppslag i biblioteket). Brannalarmen vert gjeve både som lyd- og lyssignal.

Eg har lese kontrakten og informasjonen om tilbodet og aksepterer vilkåra.

Dato: \_\_\_\_\_

Namn med blokkbokstavar: \_\_\_\_\_

Signatur: \_\_\_\_\_

Lånenummer: \_\_\_\_\_ (fyllast ut av biblioteket)